



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 43, 8. desember 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.  
Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).  
[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### **Volda og Agder samarbeider om VR-teknologi**

Høgskulen i Volda og Universitetet i Agder har hatt felles fagdag om bruk av VR-teknologi: VR-briller og bruk av 360-kamera i høgare utdanning og i skulen.

**LES MEIR**



## Dette vil det nye rektoratet jobbe med dei komande åra

Måndag 5. desember fekk tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda (HVO) moglegheita til å spørje ut rektorteamet som stiller til val for styreperioden 2023-2027.

**LES MEIR**



## Høgskulestyret har årets siste møte 8. desember

Høgskulestyret for Høgskulen i Volda har det siste møtet i 2022 torsdag 8. desember. På dagsorden står blant anna studieportefølje, budsjett, investeringsplan og langtidsbudsjett. Lenke til video frå møtet blir tilgjengeleg på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no).

**LES MEIR**



## Rektorbloggen: Mange endringar i leiinga av HVO

Dei komande månadene vil det kome på plass mange nye personar som skal leie HVO vidare: Nytt rektorat, nye styremedlemmer, dekanar og studiedirektør. Les meir om dette og andre orienteringssaker til styret i Rektorbloggen.

**LES MEIR**

## Studium og studentliv

### Læringsverkstaden står klar til å hjelpe

Programmere, lage podcast, forme legorobotar, lage nettside, bruke VR-briller, eller andre digitale verktøy. Som student eller tilsett ved høgskulen kan du på Læringsverkstaden teste det ut, få hjelp til å bruke hjelpemidla rett, bli knallgod med dei – og lære korleis du kan lære det bort til andre. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### Master in Media Practices har opna for søking

Den tverrfaglege mediemastergraden ved Høgskulen i Volda har opna for søking. Her kan du bli ein del av eit internasjonalt miljø med studentar og førelesarar med bakgrunn frå ulike medieprofesjonar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### Kantina komande veke - og i jula

Siste opningsdag i kantina blir 21.12 og første opningsdag etter nyttår blir 2.1.

Måndag: Risengrynsgraut med tilbehør 14,90 per hg

Tysdag: Laksegryte med heimelga potetmos 14,90 per hg

Onsdag: Ovnsbakte kyllinglår med paprikasaus og ratatouille 14,90 per hg

Torsdag: Potetball med tilbehør 14,90 per hg

Fredag: Tacobuffé 14,90 per hg

## Styre og stell

### Arbeidstid i jula 2022 for alle tilsette ved høgskulen

Arbeidstida for alle tilsette på Høgskulen i jule- og nyttårshelga blir slik:

23.12.: Kl. 08:00 – 13:00

27.12.: Kl. 10:00 – 14:00

28.12.: Kl. 10:00 – 14:00

29.12.: Kl. 10:00 – 14:00

30.12.: Kl. 10:00 – 14:00

## Høgskulestyret: Nytt valstyre for 2023-2026

Høgskulestyret oppnemner valstyre for Høgskulen i Volda for 4 år, og neste bolk er åra 2023-2026. Framlegget til høgskulestyret går ut på å peike ut desse som faste medlemmer av valstyret: [Førstekonsulent Mona-Cesilie Andersen](#) (leiar), [høgskulelektor Ellen Andenes](#) (nestleiar). Andre faste medlemmer: [Knut Einar Lillebø-Voll](#) (AKF), [Øyvind Halse](#) (AHL), [Jørn H. Persson](#) (Adm/IT). Mona-Cesilie Andersen har vore leiar i valstyret sidan 2014.

## Fag og forskning

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no).

### Stor interesse for kvinnelege professorar og dosentar

Omtalen av [dei mange kvinnene som har oppnådd toppkompetanse på Høgskulen i Volda](#) i det siste har vorte omtala og spreidd i mange kanalar. Kontor for kommunikasjon følgjer med på spreiringa gjennom ulike kanalar og rapporterer at saka har vorte omtala av [NRK Møre og Romsdal](#) (også radio), Nynorsk pressekontor, [Sunnmøre Live](#), [Møre-Nytt](#), Møre, Nationen, Forskning.no og andre. Og artikkelen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no) hadde etter eit par veker nådd opp i godt over 1.000 sidevisingar, på Facebook hadde artikkelen nådd over 6.500 personar og svært mange hadde anten klikka på at dei likte artikkelen eller også delt den vidare. På Instagram feed hadde artikkelen nådd ut til ca. 2.500 kontoar og eksponeringar. Dette er høge og gode tal samanlikna med andre nyhendeartiklar frå høgskulen. I tillegg til desse kjem også spreiring via LinkedIn og Twitter. Kontor for kommunikasjon hadde denne gongen oppmoda fagmiljøa til å også spreie omtale sjølv, og håper at det blir vanlegare framover då det heilt klart gir gode resultat.

### Registrering av faglege arbeid i Cristin-systemet

Fristen for å [registrere faglege arbeid i 2022 i Cristin-systemet](#) er 16. januar 2023. Ta eventuelt kontakt med [rådgivar Bente Gunn Lien](#) om du ikkje har tilgang til Cristin eller treng anna hjelp.

### Forskningsgruppene kan søke om driftsmidlar - frist 2. januar













Forskningsadministrasjonen har lyst ut midlar for å stimulere til aktivitet i [dei over 40 forskningsgruppene ved Høgskulen](#) i 2023. Midlane til forskningsgruppene skal brukast til å styrke faglege aktivitetar, stimulere til internasjonalt forskningssamarbeid og utarbeiding av søknader om eksterne forskningsmidlar. For 2023 kan forskningsgrupper med minimum 5 medlemar blant dei fagtilsette ved HVO søkje om ein sum mellom kr. 20.000 og kr. 50.000. Søknadsfristen for støtte for 2023 er 2. januar 2023 og

resultatet av tildelinga blir kjent seinare i januar. Ubrukte midlar frå tildelinga for 2022 vil bli trekt inn ved årsskiftet, og det same vil gjelde for 2023.

## Nytt om namn

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

 <p><b>Ellen Madssen Andenes</b> HØGSKULELEKTOR Institutt for sosialfag <a href="#">Send e-post</a></p>	 <p><b>Mona-Cesilie Andersen</b> FØRSTEKONSULENT Studieadministrasjonen <a href="#">Send e-post</a></p>	 <p><b>Marianne Hareide Andreassen</b> STIPENDIAT Stipendiat <a href="#">Send e-post</a></p>
 <p><b>Viktorija Arsenjeva</b> SENIORKONSULENT Administrasjon <a href="#">Send e-post</a></p>	 <p><b>Anne Marie Hovland Aschim</b> SPESIALBIBLIOTEKAR Biblioteket <a href="#">Send e-post</a></p>	 <p><b>Eli-Karin Sjøstad Åsebø</b> HØGSKULELEKTOR Idrett og friluftsliv <a href="#">Send e-post</a></p>
 <p><b>Mathilde Johanne Baade-Whittendale</b> SENIORKONSULENT Studieadministrasjonen <a href="#">Send e-post</a></p>	 <p><b>Kari Elisabeth Bachmann</b> PROFESSOR Institutt for pedagogikk <a href="#">Send e-post</a></p>	 <p><b>Ronny Kumar Heggen Bahl</b> FØRSTEKONSULENT Studieadministrasjonen <a href="#">Send e-post</a></p>
 <p><b>Gunnvor Karita Bakke</b> RÅDGJEVAR Administrasjon <a href="#">Send e-post</a></p>	 <p><b>Torbjørg Bakke</b> HØGSKULELEKTOR Institutt for pedagogikk <a href="#">Send e-post</a></p>	 <p><b>Ole Frank Bakken</b> SENIORRÅDGJEVAR Administrasjon <a href="#">Send e-post</a></p>

### Fotografering av tilsette onsdag og torsdag i neste veke

Alle tilsette har fått tilbod om å få tatt bilde av seg til bruk for HVO. Fotograferinga skjer på SAA265 onsdag 14. og torsdag 15.12. Lenke til å tinge time hos fotograf er å finne i eposten som vart sendt frå Kommunikasjon 1. desember.

### Nytt om HVO-tilsette

**Fellesadministrasjonen:**

[Ronny Bahl](#) har vorte tilsett i vikariat som førstekonsulent i Studieadministrasjonen  
Silje Brautaset har vorte tilsett i vikariat som førstekonsulent i Studieadministrasjonen  
[Tom Arild Hamre](#) har fått forlenga mellombels tilsetjing som førstekonsulent i Studieadministrasjonen.  
[Runa Vik](#) har teke til i vikariat som førstekonsulent i Studieadministrasjonen.  
[Svein Håvar Vatne](#) tek til i fast stilling som ingeniør 1.1.2023.  
Tommy Andre Øvregård har fått engasjement som driftsteknikar

### **Avdeling for kulturfag**

Ingvild Rømo Grande tek til som stipendiat 1.1.2023.  
[Hildegunn Hovde](#) har gått over i delt stilling mellom Nynorskcenteret og AKF.  
Oksana Stelmakh tek til som stipendiat 1.1.2023.

### **Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning**

Daria Jermacane tek til studentassistent på Institutt for språk og litteratur frå 1.1.2023  
[Linda Viddal](#) har fått eitt års permisjon.  
[Marit Wadsten](#) har fått eitt års permisjon.

### **Avdeling for mediefag**

[Arnbjörg Ámdal Aagesen](#) har fått forlenga mellombels stilling som høgskulelærer  
[Roe Hjelmeseth](#) har fått mellombels tilsetjing i vikariat frå 1.1.2022.  
Arne Håskjold Krumsvik tek til i stilling som professor II 1.1.2023.  
Lars-Martin Lillerovde tek til i fast stilling som overingeniør 1.1.2023.

### **Avdeling for samfunnsfag og historie**

[Gunnvor Bakke](#) har fått eitt års permisjon.  
[Eirik Holmen](#) tek til i vikariat som høgskulelektor historie 1.1.2023.  
[Kine Høgberg](#) tek til som stipendiat 16.1.2023.

## **Publisering og formidling**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

**Marina Cano Lopez om Jane Austen, psykoanalyse og semiotikk**

[Førsteamanuensis Marina Cano Lopez](#), AHL/Institutt for språk og litteratur, har publisert ein artikkel i tidsskriftet "Lit: Literature Interpretation Theory" (Routledge). Artikkelen har tittelen "[Sense and Sensibility and Psychoanalysis: Jane Austen and the Kristevan Semiotic](#)".

### **Andreas Brandsæter om forklarleg kunstig intelligens**

[Førsteamanuensis Andreas Brandsæter](#), AHL, har saman med Prof. Ingrid K. Glad (UiO) publisert ein artikkel i tidsskriftet "Data Mining and Knowledge Discovery" (Springer). Artikkelen har tittelen "[Shapley values for cluster importance: How clusters of the training data affect a prediction](#)". Brandsæter omtalar publiseringa slik: "Artikkelen foreslår ein ny framgangsmåte for å kvantifisere korleis ulike delar av eit datasett bidreg til ein prediksjon gjort av kunstig intelligens (AI). Målet er å hjelpe brukaren av modellen til å forklare og forstå kvifor prediksjonen blir som den blir."

### **Oddbjørn Melle om frontkjempar i Årbok for Sunnmøre**

Professor em. Oddbjørn Melle har skrive ein artikkel om frontkjemparen Arne Gausdal frå Geiranger i Årbok for Sunnmøre som Sunnmøre historielag og Viti nett har gjeve ut. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **Ledige stillingar**

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Lyser ut tre dekanstillinger**

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillinger med søknadsfrist 2. januar 2023. Dei tre avdelingane er Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie og humanistiske fag og lærarutdanning. Dei fireårige åremåla til dei tre dekanane går ut 31. juli 2023.

### **Ledige stillingar**

[Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for kulturfag - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)

[Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.1.2023](#)



# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## Faglege arrangement på og ved HVO:

### Hausten 2022:

- 8.12.2022: [Høgskulestyret](#)
- 9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik
- 9.-16.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)
- 15.12.2022: AKF Juleavslutning
- 16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

### Våren 2023:

- 12.-13.1.2023: GLU-seminar, Loen
- 20.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
- 27.1.2023: [Fagdag, geriatri](#), BK Store auditorium
- 8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
- 10.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken
- 10.2.2023: Premiere, studentrevyen 2023
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
- 11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
- 20.-24.4.2023: [Dokfilm-festival](#)
- 26.4.2023: [The North West](#), Ålesund
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
- 25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
- 16.6.2023: ASH sommaravslutning
- 20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN



7.12.2022: [Orientering til høgskulestyret](#)

16.11.2022: [Tale ved opninga av Kaarstad-jubileet: "Kaarstad-huset er 100 - i 100!"](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)